



PETROLEUMSTILSYNET

Vår Energi AS
Postboks 101 Forus

4064 STAVANGER

Vår sakshandsamar
Trond Sundby

Dykkar ref.

Vår ref. (ved svar)
Ptil 2021/1604/TES

Dato
19.01.2022

Rapport etter tilsyn med barrierar for konstruksjon, maritime system, stigerøyr og subsea på Goliat - aktivitet 064229014

I perioden 29. november – 2. desember 2021 førte vi tilsyn med barrierar for konstruksjon, maritime system, stigerøyr og subsea på Goliat

Vedlagd følgjer vår rapport. Det er påvist alvorlege brot på regelverket, sjå kapittel 5 i rapporten, og vi varslar med dette følgjande pålegg:

Med heimel i rammeforskrifta § 69 om enkeltvedtak pålegg vi Vår Energi å:

- gjere ei uavhengig granskning av hendinga med skade på gassinjeksjonsstigerøyr på Goliat, inkludert oppfølging i ettertid. Jamfør styringsforskrifta § 20 om registrering, undersøking og granskning av fare- og ulykkesituasjonar, sjå rapporten sitt kapittel 5.1.1*
- etablere eit system for å sikre at selskapet har oversikt over integriteten til dei fleksible stigerøyra med tilhøyrande sikkerheitsutstyr på Goliat og at det til ei kvar tid er oversikt over status på barrierar og eventuelle svekkingar knytt til desse systema. Jamfør styringsforskrifta § 19 om innsamling, bearbeiding og bruk av data, sjå rapporten sitt kapittel 5.1.2 og styringsforskrifta § 5 om barrierar, sjå rapporten sitt kapittel 5.1.3.*

Fristen for å etterkomme pålegg i kulepunkt 1 er sett til 1.9.2022. Fristen for å etterkomme pålegg i kulepunkt 2 er sett til 30.11.2022. Vi skal ha melding når pålegga er etterkomme.

Eventuelle kommentarar til varselet må være oss i hende innan ei veke etter mottak av dette brevet.

Rapporten inneheld skildringar av påviste avvik og vi ber dykk gjere greie for korleis avvika vil bli handtert. Rapporten inneheld og observasjonar der det er potensial for forbetring, og vi ber om dykkar vurdering av desse.

Vi ber om svar på dette brevet innan 23. februar 2022. Vi ber og om at brevet og rapporten blir gjort kjend for dei tillitsvalde, inkludert verneomboda.

Ved eventuelle faktafeil i rapporten som har betydning for observasjonane, ber vi om at de tek kontakt innan ei veke etter dette brevet sin dato.

Rapporten vil bli publisert på nettstaden vår ei veke etter dette brevet sin dato.

Med helsing

Odd Rune Skilbrei e.f.
tilsynsleiar

Trond Sundby
sjefingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk i Petroleumstilsynet og har difor ingen signatur

Vedlegg: 2